

## Sandsøy Helselag 90 år - Historisk attersyn

Forfatta av: Sverre Kvalsund, 6089 Sandshamn - 1987  
(Skrive opp att 16. januar 2023 av Arthur Vestnes)

I historia til eit lag som har halde på i 90 år, er det vanskeleg å vite kva ein skal ta med og kva ein skal la vere å nemne. Eg har i dette attersynet valt å sjå bort frå tal og pengesummar så mykje som råd er. Dette fordi tal vert fort gløymde, og når det gjeld namn på personar, finst det mange i soga om helselaget som fortener å bli nemnde. Men det er då svært lett å kome til å utelate andre, som med like stor rett burde nemnast ein slik dag.

Eg vil difor i staden sjå litt på kva for saker Helselaget har abeidd med i dei 90 åra sidan laget vart starta i 1897, og så ta med namn og summar berre der dei naturleg hører med i samanhengen. Det er heilt klart at historia til eit lag som Helselaget, på godt og vondt, gjenspeglar dei skiftande levekåra som har herska her ute i dei åra laget har eksistert.

For å prøvå gi eit tidsbilete av korleis folk her hadde det i 1897, vil eg sitere litt frå lovene for laget. Dei står i «Lover for Sandsøy Sanitetsforening», som laget heitte i skipingsåret.

Her heiter det i § 1:

*At arbeide for Tuberkulosene bekjempelse, er foreningens hovedformål. Dernest at trede støttende til i andre sykdoms- og nødstilfelde blant ubemidledetrengende, og etter behovet, ved hjelp av penger og andre ytelser, søke at lindre nød og savn.*

Om laget sin økonomi heiter det i § 2:

*Medlemmer av foreningen er enhver som årlig betaler en kontingent av kroner 0,50 eller årlig yder arbeid eller gave som i verdi svarer til kontingensten.*

Av dei midlane som laget fekk inn i løpet av året, skulle tredjeparten avsetjast i eit tuberkulosefmnd og setjast i banken. Desse pengane skulle ikkje blandast saman med dei øvrige midlane til laget, og «*kan ikke anvendes uten i tuberkulose-øiemed*», som det står.

Dette fortel oss altså at det var tuberkulosen som omkring hundrearsskiftet var den store folkesjukdommen her på øyane. Det fortel oss vidare at det fanst mange av dei såkalla «u-bemidlede trengdede», altså folk som ikkje hadde økonomi til å betale doktor eller medisinar. Utgjennom årsmøtereferata er det mange gonger nemnt personar som fekk pengegåve av laget, til hjelp for å betale medisin eller doktor, eller til å finansiere opphold på sanatorium, som tuberkulosesjukehusa vart kalla.

Vi må altså gå ut frå at tanken bak skipinga av Helselaget var ein freistnad på å gjere noko for å hjelpe seg sjølve og andre når sjukdom og naud kom på. Tanken

om at ein stod sterkare i lag enn åleine, gav seg altså praktisk utslag i skipinga av Helselaget.

I våt tid er det oftast kvinnene som engasjerer seg i foreningsarbeid og sosialt arbeid, i alle fall på bygdene. I referata frå Helselaget sitt arbeid er der eit like sterkt, kanskje sterkare innslag av menn. Desse var med og styrte og dreiv laget, i alle høve dei første åra.

Tuberkulosen var altså den verste sjukdommen som laget skulle vere med og kjempe mot. Alt frå 1915, som er det første årsmøtereferatet eg har sett, er det nemnt personar som fekk pengar til opphaldpå sanatorium. Det vart også løyvt pengar som skulle brukast til «*passande ernering til den sjuke*», som det står. Eit lite glimt av dei økonomiske tidene får vi igjen når det i årsmøte referatet for 1919 står: «*Det vart vedteke at der skal kostast ei møtebok for å skrive referat i*».

Eg veit ikkje kor stor den kostnaden vart, men den neste møteboka som vart kjøpt 20 år seinare, kosta 2 kroner og 70 øre. Det var litt pengar den gongen. Eg har ikkje sett den aller første møteboka, dersom det var ei anna enn den kladdeboka eg har hatt i hende.

Laget gav altså pengar til sanatorieopphald, betaling av doktor, samt til mat for dei sjuke. Men det var ikkje slike tider at laget sin midel vart lett vekkgjeven. I ein søknad om 25 kroner til å betale ei doktorrekning, vedtok styret at saka måtte drøftast på neste årsmøte, fordi det var ein så stor sum. Om doktoren var viljig til å vente så lenge på pengane sine, står det ikkje noko om.

Laget og medlemene hadde elles ikkje berre tanke for den nauda som fanst i heimbygda. Vi finn også at dei vedtok å gje pengar til det som den gong heitte Finnemisjonen i Finnmark.

Eg har nemnt tuberkulosen som ein av dei store folkesjukdommane. I året 1918 slo den såkalla Spanske sykja til, og på 2 år døydde om lag 20 mill. menneske rundt om i verda. Det var ein sterk influensa som særleg angrep unge menneske. På årsmøtet i Helselaget i 1920 vart det lese opp eit foredrag som ein doktor Øverland hadde laga om denne sjukdommen.

Andre sjukdommar vart også omtala: På årsmøtet i 1924 står det at «*O. S. Dyrkoren heldt tale om Tuberkulosen i vårt land*». Han nemnde også lepra, eller spedalsk sykje, som tidlegare hadde vore ein folkesjukdom på line med tuberkulosen. Denne var no på det nærmeste overvunnen, og talaren uttrykte håp om at det same ville skje med tuberkulosen, står det i referatet.

Laget har også i heile denne tida stått for innkjøp av hjelpemiddel innan heimesjukepleien. Det er fleire stadar referert innkjøp av artiklar som luftpurer, bekken, varmeflasker og bandasjar.

Ikkje alltid nødde hjelpa frå Helselaget fram tidsnok til å glede dei det galdt: Frå eit årsmøte star det referert at laget vedtok å løyve 50 kroner for at ein mann skulle verte undersøkt av spesialist. Men litt seinare er det skrive med din annan penn: «*Blev ikke benyttet, han døde senere*».

Litt utilsikta humor har også snike seg inn i referata om all elendigheita i tida. Ein stad står det: «*Etter dette heldt distriktslækjaren eit gildt foredrag om sukkersykje*».

Årsmøta vart i dei første åra haldne på skulen, Breidablik. Men alt i 1929, året etter at Ungdomshuset Dollstun vart bygdt, les vi at årsmøtet vart halde på ungdomshuset.

Dei mest vanlege vandresjukdommane vart også drøfta på møta i helselaget. Det er nemnt opplysningsforedrag om sjukdommar som influensa, kregda, spanskesykje og skarlagensfeber. Det står ein stad at foredragshaldaren «*mana til forsiktigheit, da ettersjukdommar ofte kan kome etter slike farsotter*».

Igjen får vi eit bilet av dei økonomiske tidene då det står frå ein basar i slutten av 1920-åra: «*Basaren innbritnga kr. 288,16, og kvar gjekk heim til sitt, vel nøgde med resultatet*».

Same året vart det løyvd kr. 5,- til ein person som ligg sjuk og snart skal ta ein farleg operasjon. I 1931 les vi for første gong at alle skuleborna vart undersøkte av lækjar, i det heile 84 stykke, står det.

Sandsøy Helselag betalte utgiftene både til doktor og doktorskyss, heiter det vidare. Tuberkulosen var stadig hovudfienden. I mange referat er dei nemnde, dei som var sjuke, og låg borte. Ei lita pengegåve, eller ein presang til jul, fra laget på heimstaden, var sikkert ei oppmuntring for desse.

I 1932 er det nemnt 5 slike personar. Same året les vi at doktorundersøkinga av skuleborna dette året skal betalast av Sande Helselag.

Eit anna tema som snart dukka opp, var spørsmålet om skuletannrøkt. På årsmøtet i 1939 vedtok laget å søkje Sande skulestyre om å få innført slik tannrøkt. Den 12. oktober 1940 les vi for første gong om fri tannpleie for skuleborna. Nok ein milepål var nådd. Alle helselaga i Sande skulle betale kr. 25,- til fri tannpleie.

Det var harde tider. Krigen verka inn, også på drifta av Helselaget. I møteboka står det følgjande for året 1940: «*På grund av vanskeligheter som rådet grundet krig, blev basaren utsat i år*».

Om basaren i 1941 heiter det: «*Servering av mat havde vi ikke, det er i krigens år, og man hadde meget dårlige matvarer at lage mat av*». Likevel hadde Helselaget syn for å sende kr. 10,- til Hjemmet for Døve same året. 11941 vart det også

innkjøpt forbindingsutstyr og bandasjar, på grunn av «*disse urolige tide*», som det står.

Året 1944 gav laget også pengar til Trondheim Revmatismesjukehus. På årsmøtet i 1946 vart det gjort 2 viktige vedtak:

- 1) Laget skulle inngå avtale med Kristine Sande om 3 vere heimesjukepleiar for folket på øya. Ho skulle også disponere sjukemateriellet som laget hadde, og fornye dette ved behov.
- 2) Alle pengar som laget ikkje brukte til sjukehjelp, skulle innsekjast i eit fond for eit folkebad.

1947 fylte Helselaget 50 år. I attersynet til denne festen er det nemnt nokre av dei sakene som laget hadde støtta økonomisk, mellom andre vassleidninga til Dollstun. Vi siteter fra tilbakeblikket i 1947: «*Sikkert er det at laget har arbeidd til stor signing for folket i bygda vår*». Det er vel ikkje vanskeleg å vere samd i dette no i 1987 heller.

På 50-årsfesten vart det elles sett rekord når det galdt innsamla pengar. Det kom inn i alt kr. 1.074,17. Pengane gjekk til den skalla Europahjelpa. I 1952 kjem eit nytt tiltak fram i møtebøkene: Det er spedbarnkontroll.

I året 1954 les vi at det hadde vorte halde 8 slike kontrollar det året. Til jul 1955 vart det folkebadet som var nemnt i 1946, teke i bruk. Helselaget gav då 1500 kroner til dusjar og varmtvassbehaldar i Fiskarheimen.

Tidene endra seg sakte til det betre: I møteboka for 1956 les vi for første gong at det ikkje var nokon frå øya som låg borte på grunn av sjukdom dette året.

Ein person, som kom til å vere titt av ein institusjon innan helsearbeidet i Sande, er nemnd første gongen i 1959: På årsmøtet då står det at «*Helsesøster Bertha Brekke var til stades og gjorde greie for kva ei helsesøster har å gjere*».

Utover i 1960-åra arbeidde laget med mellom anna desse sakene: Hellandheimen, den nye sjukeheimen på Lardsnes. Denne er første gongen nemnd i bøkene i 1966. Både i 1966 og 1969 arrangerte Helselaget eldrestemne på Sandsøya. Dette vart gjort i samarbeid med Sande helselag. Frå Fylkeslaget er det nemnt at dei brukte pengar til innkjøp av vaksine mot polyemyelitt og kikhoste.

I 1970-åra er det referert frå «den årlege basaren» som det heiter. Inntektene har vore delte mellom lokallaget og Sande Helselag. Arbeidet for sjuke- og aldersheimen på Lardsnes var hovudoppgåva desse åra.

Etter 1976 er det slutt på dei handskrivne referata. Laget gjekk over til årsmeldingar på ferdigtrykte skjema. Desse er nok greiare og meir oversiktlege

reint rekneskapsmessig, men dei maktar ikkje å formidle stemninga i laget, og dei personlege kommentarane, slik dei handskrivne referata gjer det.

Men inntektene desse åra har gått til mange og varierte føremål. Vi kan nemne: Hjarteaksjonar, Hellandheimen, Hjemmet for Døve, Vikhov skule, trivselstiltak for dei eldre, innkjøp av sjukemateriell, gaver til andre tiltak i bygda så som: Kyrkja, dekketøy og skap, bord til Fiskarheimen osv. Vi veit at dei årlege eldreturane er tiltak som det vert sett stor pris på av dei som får vere med.

Kva så med Helselaget i 1980-åra?

Vi skulle kanskje tru at i vår tid har det offentlege teke over alt som treng av sjukepleie og eldreomsorg. Dei fleste av tidlegare folkesjukdommar er overvunne, men diverre dukkar det opp nye. Her kan nemnast hjarte- og karsjukdommane, kreft og AIDS som dei mørkaste namna i vår tid.

Samrunnsutviklinga dei siste åra har også diverre synt oss at di rikare vi vert reint privat, til fattigare vert det offentlege. Dette har i særleg grad slått ut nettopp innan helse- og sosialomsorga.

Og nettopp i knappe tider med små ressursar til helsestell og eldreomsorg, er det dei trivselsfremjande tiltaka som først vert bortskorne. Difor treng vi Helselaget: Vi treng Nasjonalforeininga. Hjarteaksjonen i haust skulle vere bevis godt nok på det.

Når det gjeld trivselsfremjande tiltak på Sandsøya, er Helselaget godt og ty til: Sanitæranlegg i Fiskarheimen, kopimaskin på skulen, blomster til eldre og einsame til jul, kosthaldskurs for grunnskuleelevar, tilskot til kyrkjeorgel, piano til Dollstun, komfyri i Fiskarheimen. Alle desse tiltaka har Helselaget støtta økonomisk, og slik vore med på og auka trivselen for oss som bur her ute.

Så la oss til slutt vere samde om at Helselaget har vi bruk for:  
La oss håpe dei held på lenge enno.

**Sverre Kvalsund**